



## for hyttefolket

Ekstraavgåve Mars 2005 Årg. 12



Informasjon frå  
Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

### Definisjonar:

- **Hytte** er feriebusstad eller permanent oppsett campingvogn.
- **Fritidsbusstad** er fråflytta heilårsbusstad som vert nytta til ferieføremål og som er godkjent omdisponert.
- **Utleiehytter** vert rekna som heilårsbus når det gjeld renovasjon.



### Kvar finn du hyttekonteinarane?

På side 3 finn du ei oversikt over kvar alle hyttekonteinarane er plasserte.

## God tur på hytta!

Du som har motteke dette bladet, eig ei hytte eller ein fritidsbusstad i Sunnhordland. Hytteeigarar er automatisk knytte opp til den kommunale renovasjonen (Forureiningslova), og i Sunnhordland er det SIM som hentar inn bos og slam på vegner av kommunane. Har du spørsmål knytt til hytterenovasjonen, finn du vonleg svara i dette bladet. Eit anna tips er å sjå på [www.sim.as](http://www.sim.as).

Dei fleste av SIM sine 5500 hyttekundar har tilbod om felles hyttekonteinarar for å kvitta seg med restavfallet. Nokre få nyttar framleis hyttetun, medan endå færre har sin eigen dunk til boset frå hytta. Saknar du å kunna sortera boset? Då tilbyr me deg å levera glas og hermetikk-boksar i eigne konteinarar for dette på sentrale stader i kommunen. Når det er snakk om farleg avfall, trevirke, papir og papp, mjukplast og større metallgjenstandar, er miljøsentralen rette staden å gå (sjå side 4).





## Hald Noreg Reint!

Dersom enkelte byrjar å setja frå seg avfall utanfor ein hyttekonteinaren, er det lett for andre å tru at det er fullt og at dei berre kan gjera likeeins. Når fuglane rotar i dette boset, tek det ikkje lang tid før området rundt vert utriveleg.

Vår oppmoding blir derfor: **Bruk hyttekonteinaren – Hald Noreg Reint.**



**haldNoregreint**

## Returpunkt for glas og metall

Det er plassert igloar rundt ikring i kommunen der alle kan levera glas og hermetikkboksar.

OBS! Dette avfallet må gjerast reint før det kan leverast.

## Tenk på trivselen i nærmiljøet – legg boset inni hyttekonteinaren!

**SIM har ansvaret for at hyttekonteinarane har nok kapasitet og at dei skal ta seg bra ut på ulike stader i vakre Sunnhordland. Dette hjelper lite dersom folk set frå seg avfall utanfor konteinaren.**

Dersom nokon har plassert avfall utanfor konteinaren, treng det slett ikkje vera fordi denne er full (dette kan sjølvsagt førekoma, men det skal vera rikeleg med volum til kvar hyttekunde). Røynsla er at enkelte ikkje tek seg bryet med å dytta avfallet gjennom dei små innkastlukene

på konteinaren. Det skal ikkje vera problem å få vanlege plastikkposar gjennom luka, heller ikkje ein halvfull bossekk. Slike innkastluker har vist seg naudsynte grunna misbruk av konteinarane.

## Ring oss om noko er gale!

Det er kun dei som har abonnement for fritidsbustad, som kan bruka hyttekonteinarane; det er jo dei som betalar for denne tenesta. Dersom nokon observerer at konteinarane vert nytta av andre, er det fint om de tek kontakt med oss. Likeeins set me pris på at de melder frå til SIM om de kjem til ein overfylt konteinaren, eller at det flyt med bos utanfor. SIM vil då så raskt som mogleg ta tak i problemet og ordna opp. Takk for hjelpa!


**Telefon 53 45 78 50**



Kjem du til ein konteinaren som ser slik ut, ring SIM!

# Hyttegebyret i 2005

Både dei som leverer mykje nytteavfall og dei som ikkje nyttar seg av tilbodet i det heile, må betala det same i renovasjonsgebyr (jamfør Forureiningslova § 30). Det er kommunen som vedtek renovasjonsgebyret, og i 2005 er prisane som følgjer (inkl. mva):




Alle kommunane betalar det same per hyttekunde til SIM, og i 2005 er denne summen sett til kr. 825,-. Resten av det du betalar i hyttegebyr, går til å dekkja kommunen sine

eigne utgifter med hytterenasjonen. Gebyret skal ikkje vera høgare enn dei samla kostnadene ved renovasjonen.

## Kva får du att for gebyret?

- Innsamling og slutthandtering av restavfall
- Kjøp og vedlikehald av hyttekonteinarar
- Returpunkt for glas og hermetikkboksar
- Miljøsentral for grovavfall  
(ein del av kostnadene vert betalt ved levering)
- Avgifter til staten
- Administrasjon og informasjon

## Dei som har eigen slamtank på hytta, betalar fylgjande i 2005 (inkl. mva):



\* (korrigert for årleg gebyr)

## Her finn du hyttekonteinarane:

### Austevoll

- Hufthamar
- Austevollshella
- Kvaløy v/bru Spissøy
- Kalve (Stora Kalsøy)
- Skår (Hundvåkøy)
- Bjånes
- Eido
- Nordrevågen
- Selbjørnsbrua v/kraftlaget
- Fagerbakke vest
- Stolumbrua rasteplass
- Kolbeinshavn kryss
- Husavik ferjekai

- Ranavik ferjekai
- Larstø v/kaien
- Arnavik
- Borgundøy

### Stord

- Leirvik kai v/Fokus Myhre Matsenter
- Fjellgardane
- Felles Fitjar v/Eide
- Vikanes
- Dåfjorden v/hyttefelt
- Sagvåg v/kai
- Føyno

### Sveio

- Valevåg
- Tittelsnes
- Buavika/Holsvika
- Økland
- Vihovda
- Liereid
- Hope
- Håvardsholm
- Førde kai
- Røykjenes
- Erve
- Bakken
- Våga
- Kvalvåg
- Kryss Kvalvågnes
- Steinbrot nord for Eilerås

### Bømlo

- Langevåg Kåso
- Espevær
- Lykting kai
- Bærøy
- Finnås
- Moster v/posten
- Gassasundet Spissøy
- Hollundsaldalen v/Miljøsentralen
- Urangsvåg
- Bjøldedalen v/busstogg
- Aga – kryss v/Rolfnesveg
- Rotatjørno mellom Alfsvåg og Svortland
- Brandasund rasteplass

### Fitjar


- Dåfjorden – Lønevåg
- Dåfjorden – Skaraneset
- Kuarvågen v/båthamn Koløy
- Helland
- Kalveid v/båthamn
- Fitjar sentrum på kaien
- Havn v/båthamn
- Sandvikvåg ferjekai
- Hageberg skule
- Eide – over riksveg v/verkstad

### Kvinnherad

- Vestervik – v/tunnel
- Stussvik – i vegkryss
- Hammarhaug – hyttefelt
- Vikane – veg mot Håvik
- Ølve Sentrum
- Gjermundshamn v/venterom
- Varaldsøy v/kai
- Mauranger
- Ænes
- Løfallstrand ferjekai
- Seimsfoss
- Rosendal v/gjestebrygge
- Uskedalen v/Sandakaien
- Matre ferjekai
- Matre v/kryss indre Matre
- Åkra v/kaien
- Husnes v/skulen
- Sunde ferjekai
- Utåker ferjekai
- Sydnes ferjekai
- Tøftvågen
- Eidsvik v/gamleskulen
- Sæbøvik v/samfunnshuset
- Høylandsbygd v/båthamn

### Tysnes

- Kryss Skorpo
- Flakkavåg kai
- Onarheim v/kyrkja
- Årbakka v/butikk
- Nymark v/kryss Lunde
- Malkenes v/kryss
- Lunde senter
- Lunde kai
- Gjersvik v/kryss Godøysund
- Godøysund
- Våge v/Esso
- Uggdal v/kryss Onarheim
- Uggdal v/Sæd
- Leite mot Neshamn
- Kryss til Flatraker kai



## Treng du tømekalender?

Dei som har ein eigen hyttedunk med grønt lok, må sørgja for at desse blir tømde i lag med hushalda sine restavfallsdunkar. Dersom du treng tømekalender, kan du lasta han ned frå [www.sim.as](http://www.sim.as) eller ta kontakt med SIM for å få han tilsendt.



## Sørvisfråsegn for slamtøminga i SIM

Har du motteke ei sørvisfråsegn for slamtøminga nyleg? Dersom ikkje, kan du lasta denne ned på [www.sim.as](http://www.sim.as), eller ta kontakt med SIM, så sender me deg ei. SIM tømmer slamtanken på hytta kvart 4. år.



## Hytteeigar i Kvinnherad?

Frå 2005 er det SIM som på vegne av Kvinnherad kommune tek seg av innkrevjing av hyttegebyr og saks-handtering for hyttekundane. Har du spørsmål knytt til hytte-renovasjonen i Kvinnherad, skal du altså kontakta SIM. Frå tidlegare har SIM ansvaret for dette i kommunane Bømlo og Fitjar.



Sendar:

## OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar



Avfallet utanfor denne hyttekonteineren skulle vore levert på miljøsentralen.

**SIM**  
nytt

## Ver medviten når du kastar noko i hyttekonteineren



Farleg avfall (tidlegare spesialavfall) må ikkje kastast i hyttekonteineren fordi dette kan medføre alvorlege forureiningar eller skade på menneske eller dyr. Slikt avfall (bortsett frå PCB-vindauge og trykkimpregnert materiale) kan private levera gratis på miljøsentralen.

Elektronisk og elektrisk avfall (EE-avfall) må heller ikkje kastast i hyttekonteineren då slikt avfall ofte inneheld tungmetall og miljøgifter. Du kan levera både små og store elektriske apparat gratis til butikken som sel same type produkt, eller til miljøsentralen.

Dersom farleg avfall og EE-avfall kjem i restavfallet, hamnar det i bosyllinga, med dei konsekvensar det kan få. Dette må me unngå.

### Billig å levera

På miljøsentralen er det også mottak for hageavfall/reint trevirke og

folieplast (gratis), papp og papir, stålskrap og ureint trevirke, og her kan du få hjelp til sorteringa. Det kostar berre 75 kroner for ein liten hengjar/bil eller 175 kroner for ein stor hengjar/bil. Viss du enno ikkje har vore der, vil me rå deg til å ta ein kikk på kva miljøsentralen har å tilby.

## Opningstider

### Miljøsentralane

#### Austevoll, Porsdalen

torsdag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Bømlo, Hollundsaldalen

Tysdag: 08.00 - 14.30  
torsdag: 12.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Fitjar og Stord, Svartasmoget

måndag: 08.00 - 18.00  
tysdag - fredag: 08.00 - 15.30  
annankvar laurdag: 09.00 - 12.00  
(veker med partal vekenr.: 2, 4...)  
Mottak for spesialavfall også på Va-  
bakkjen, Stord, same opningstid som  
bensinstasjonen.

#### Kvinnerad, Husnes industriområde

måndag-tysdag: 08.00 - 13.00  
torsdag: 13.00 - 19.00  
fredag: 08.00 - 13.00  
siste laurdag  
kvar måned: 09.00 - 14.00

#### Sveio, Sveiåsen

måndag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00

#### Tysnes, Eredalen

tysdag: 10.00 - 18.00  
siste laurdag kvar måned  
i tida 1/4-1/10: 09.00 - 14.00



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget,  
N-5419 Fitjar  
telefon 53 45 78 50  
telefaks 53 45 78 60  
e-post: sim@sim.as  
www.sim.as

**SIM**